

ÅRSMELDING 2017

Alversund sokneråd



SOKNERÅDET 2017:

Laila Tvedt	Leiar
Tove Sneås Skauge	Nestleiar og skrivar
Harald Osland Øvretveit	Representant i Lindås kyrkjelege fellesråd
Tove Legernes	Representant i byggekomité for sokkeletasje i Knarvik kyrkje
Bjørn Eirik Hjørnevik	Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshuset
Kjersti Hodnekvam	Representant for Fjon Fjellkyrkje
Jannicke Kvamme Krüger	Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshuset
Terje Øpstebø	Representant i kyrkjelydsbladet Kyrkjekontakten
Annie Bratsberg Ones	Kasserar
Ivar Atle Skaar	Medlem
Ingunn Dale	Medlem
Mary Hosøy	Varamedlem
Geir Øy	Sokneprest

Soknerådet har hatt 9 møte og handsama 101 saker.

Arbeidsutvalet, som består av leiar, nestleiar og sokneprest, har hatt møte eller kontakt i forkant av kvart soknerådsmøte.

Soknerådet vedtok hausten 2017 å starte ein prosess med mål om å slå saman sokneråda i Alversund, Seim og Lygra.

DEI TILSETTE MED TENESTE I KYRKJELYDEN PR. 31.12:

Synnøve Bjørndal	sekretær	60 % stilling (samt 20% prostesekretær)
Kristine Rykkje Hopland	trusopplærer	80% stilling
Odd Leif Mjøs	kantor	100 % stilling
Torbjørn Sæle	spesialprest (barn, unge, unge familiar)	100% stilling
Geir Øy	sokneprest	100 % stilling

Magne Bjørndal er prostiprest/seniorprest i 50% stilling. Han høyrer til staben i Knarvik kyrkje, og deltek aktivt i kyrkjelyden, samstundes som han gjer teneste i andre kyrkjer i prostiet.

Anne Marit Fosse Dahle slutta som trusopplærer 30. april, og begynte då i Meland kyrkjelyd. I stillinga hennar blei det henta inn vikarar til nokre enkeltoppdrag. Frå 1. januar 2018 tok Nina Jenny Tresvik Monstad til som trusopplærer.

STATISTIKK:

	2017	2016	2015
Gudst. søn- og heilagdag:	72	69	64
Dåp:	67	55	79
Konfirmantar:	58	58	78
Vigsler:	13	6	10
Gravferder:	37	50	33

Gjennomsnittleg gudstenesteframmøte på søn- og heilagdag:

Soknet under eitt	139	142	144
Knarvik kyrkje	147	154	146
Alversund kyrkje	122	114	140

Gjennomsnittleg nattverddeltaking på søn- og heilagdag:

Soknet under eitt	78	81
-------------------	----	----

NYTT FRÅ KYRKJELYDSARBEIDET I 2017

STORE HENDINGAR

Det store nyhendet i fjor var at Kyrkjekjellaren blei gjort ferdig. Byggearbeidet tok til om lag 1. desember 2016. Opningsmarkeringa blei lagt til 22.-23. april. På laurdagen var det konsert med Bjarte Leithaug og alle barnekora i soknet. Kyrkjekjellaren blei innvigd på gudstenesta sundagen. Det var stor kyrkjekaffi med servering både oppe og nede. Sundag kveld var det ein innsamlingskonsert, der mange aktørar opptredde vederlagsfritt og inntektene frå konserten gjekk til Kyrkjekjellaren.

Ei innreiingsgruppe har gjort ein stor innsats med mange oppgåver knytta til Kyrkjekjellaren. Soknerådet har vedteke at namna på dei ulike romma i Kyrkjekjellaren skal vere Ungdomsrommet, Petersplassen (det opne torget) og Speilsalen.

Dei tilsette flytta ut av kontorlokala i Alversund kyrkjelydshus og inn i det nye kyrkjekontoret i Knarvik kyrkje 1. juni.

Den store markeringa i haust var knytt til reformasjonsjubileet. Førestillinga «Luther med Latter» med ei gruppe frå Finnøy i Rogaland tok 200 tilskodarar med på ei underhaldande og lærerik reise frå Martin Luther si tid og fram gjennom kyrkjehistoria i landet vårt opp til vår tid. Siste sundag i oktober var det ei festgudsteneste for heile prostiet i Knarvik kyrkje. Korpset Skala deltok, og dirigenten i korpset, Tom Brevik, bidrog med nyskriven musikk som blei urframført av korpset og sopranen Melissa Baug.

NYTT FRÅ UNGDOMSAREIDET

Eit nytt kor vart starta opp hausten 2017. Ungdomskoret Remedy samlar om lag 30 ungdommar under leiing av Solvor Osland Lilleberg. Koret har medlemmer også frå nabosokna. Med dette er det i alt 8 kor for born, unge og vaksne i Alversund sokn.

I haust starta det opp ein klubb for ungdommar i helga. «Ungdomslørdag» samlar 10-15 unge frå 8. klasse og oppover om lag to gonger i månaden. Heile kyrkja blir teken i bruk til andakt, lovsong, playstations-speling, brettspel, airhockey, mat med meir. Det er om lag 3 leiarar med på klubben kvar gong.

NYTT INTEGRERINGSTILTAK

Kulturkaféen blei starta opp i oktober og hadde 5 samlingar før nyttår. Frå januar blir det invitert til Kulturkafé kvar andre fredag i månaden. Med dette vil kyrkjelyden skipe ein møteplass mellom nordmenn og menneske med innvandrarbakgrunn. Eit mål er at nye landsmenn skal bli kjende med fleire nordmenn, det skal vere ein arena for språktrening og kulturutveksling.

NYE HUSFELLESSKAPSGRUPPER

Det vart skipa til tre husfelleskapsgrupper i kyrkjelyden i fjor i tillegg til bibelgruppa som samlast i Alversund kyrkjelydshus. To grupper består av unge vaksne frå Meland og Knarvik og er eit samarbeid med Meland kyrkjelyd. Desse gruppene samlast kvar veke. Det siste gruppa samlast kvar tredje veke.

NYTT MISJONSPROSJEKT

Soknerådet vedtok at ein gjennom Det norske misjonsselskap (NMS) ville ha eit misjonsprosjekt i Estland. Avtalen blei overrekt på gudstenesta med deltaking frå NMS søndag 26. mars. Kyrkjelyden vil over tid bli kjent med kyrkjelydar i Estland.

OPEN KYRKJE

I sommarferien var Knarvik kyrkje open for besøkande 2 timar på tysdag til fredag og søndag. Det var frivillige og tilsette som var vakt i denne tida. Dei fleste dagar var det mindre enn 10 besøkande.

MELDING OM DET KONTINUERLEGE ARBEIDET I KYRKJELYDEN

GUDSTENESTER

Regelen er at det er gudsteneste i Knarvik kyrkje kvar søn- og heilagdag. Det er gudsteneste i Alversund kyrkje siste sundag i månaden, i tillegg til konfirmasjon, 17. mai, minnegudsteneste og julaftan.

Det er tilbod om dåp i Knarvik dei sundagane det ikkje er gudsteneste i Alversund eller i Seim kyrkje. Det er då tilbod om dette nesten kvar søndag gjennom året i ei av dei tre kyrkjene.

Talet på gudstenestedeltakarar er nokså likt samanlikna med 2016.

Det er tilbod om søndagsskule dei fleste gudstenester på søndag føremiddag, utanom når det er skulefri. Talet på leiarar er for få til at søndagsskulen kan oppretthalde tilbodet som det har vore fram til no.

Talet på gudsteneste-medhjelparar i soknet er om lag 60 personar.

TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Det er tilbod om Babysong kvar måndag i Knarvik kyrkje.

To gonger i året blir 4-åringar inviterte til familiegudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok». 8-åringar blir inviterte ein laurdag til Tårnagent-samling og deltaking på gudstenesta dagen etter. 11-åringar blir inviterte til arrangementet «Lys vaken» frå laurdagen før første søndag i advent med deltaking på gudstenesta på søndag. Målet er at det skal vere eit breiddetiltak for kvart årskull, og alle døypte barn blir inviterte til desse samlingane. Det er ein plan for kva bibelhistorier borna skal møte på dei ulike samlingane.

KONFIRMANTARBEIDET

Konfirmantarbeidet er den største delen av trusopplæringa og har vore i eit godt spor det siste året. Nytt i fjor var ein miniweekend frå fredag til laurdag seint i september. Dette gjorde at ungdommane tidleg fekk bli meir kjende med kyrkja og konfirmantleiarane, og leiarane fekk bli betre kjende med dei. Då kyrkjekjellaren blei ferdig blei det lettare å ha konfirmantsamlingar og andre arrangement. Utanom undervisning, gudstenestedeltaking og to weekendar, deltar konfirmantane på eit tiltak for ungdomar i kyrkja, i eit av bedehusa eller på KRIK sin aktivitet i Nordhordlandshallen. Konfirmantane deltar i Kirkens Nødhjelp sin årlege innsamlingsaksjon like før påske.

KOM INNOM

Det er «Kom innom» annankvar onsdag; det er ein uformell møteplass på kyrkjeterget. Barnekora som øver i kyrkja nyt godt av «Kom innom».

KYRKJEKLUBBEN

«Kyrkjeklubben», som er for menneske med utviklingshemming, har samling første måndag i månaden. Det er om lag 15 deltakarar og like mange følgjepersonar som kjem på klubben. Klubben har vist seg å dekke eit behov hos ein del brukarar som ikkje kan nytte seg av andre tilbod. Tiltaket er eit samarbeid mellom Osterfjorden sokneråd og Alversund sokneråd. Ein klubb-kveld er delt i tre. Det er først ei samling med song og underhaldning, sidan kveldsmat og til sist ei kort gudsteneste i kyrkjerommet.

SAMARBEID SKULE - KYRKJE

I desember var det 4 barnehagegudstenester og 5 skulegudstenester i Alversund kyrkje og Knarvik kyrkje. Staben har eit godt samarbeid med barnehagane og skulane om desse gudstenestene, og tilbakemeldingane etterpå var gode. Knarvik vidaregåande skule la, etter fleire års opphald, julekonserten for alle elevane til kyrkja dette året.

ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

For soknerådet er det viktig framleis å ha merksemd retta mot Kyrkjelydshuset i Alversund. Det er å sjå som «arbeidskyrkja» i den delen av soknet der eit fleirtal av befolkninga bur. 3 barnekor – Solstrålen,

Sing Singeling og Sing Out – øver fast i kyrkjelydshuset. Speidarane har også fast aktivitet der. Det er jamnleg eldretreff, kalla Kaffikos. Soknerådet er representert i Stiftinga Alversund kyrkjelydshus, og ser positivt på at økonomien i kyrkjelydshuset er solid. Kyrkjeringen sitt arbeid er her av stor verdi.

SAMARBEID MED KYRKJELYDAR OG ORGANISASJONAR

Den 5. februar var det for andre gong felleskyrkjeleg gudsteneste i Knarvik kyrkje. 14 kyrkjelydar og forsamlingar stod bak gudstenesta, som samla om lag 770 menneske.

10. og 11. mars var det eit kurs om «Trusspråk» i Knarvik kyrkje i samarbeid med Meland kyrkjelyd og «Naturlig menighetsutvikling» (NaMu).

Det Norske Misjonsselskap (NMS) hadde ei fellessamling for Nordhordland i Knarvik kyrkje 26. mars, og samarbeidde også om gudstenesta denne dagen.

På olsok-kvelden er det felles gudsteneste for alle kyrkjelydane i prostiet på Fjon Fjellkyrkje.

NMS hadde misjonsmesse i Knarvik kyrkje første helga i november.

UTVAL, NEMDER OG ANNA VERKSEMD I KYRKJELYDEN

«ROSEPROSJEKTET»: Kyrkjelyden har i mange år besøkt dei som fyller 80 år eller meir med ei rose. Frå sommaren 2017 blei det ei endring, og ein besøker no jubilarar kvart 5. år, frå 80 år og oppover. Jubilarane får ein blome og eit brev frå kyrkjelyden. Aud Palmesen har vore koordinator for dette arbeidet.

KYRKJEKONTAKTEN: I 2017 blei kyrkjelydsbladet for Alversund, Seim og Lygra sokn lagt om. Det nye bladet blir gitt ut i samarbeid med Meland sokneråd som gir ut «Kontakt» samt Osterfjorden sokneråd og Mo sokneråd som gir ut «Kyrkjegløtten». Dei tre gamle blada held fram med same namn inntil vidare. Dei midtarste åtte sidene er felles og har stoff frå alle dei tre krinsane. Dei fire første og fire siste sidene er lokale for kvart blad. Det nye bladet har fått nytt format og større stofftilgang. Redaksjonen hadde ein lønna redaktør gjennom store deler i første del av året. Det følgde elles nokre ekstra oppstartkostnader det første året. Likevel gjekk bladet i balanse med frivillige gåver og annonsar. Frå 4. nummer i 2017 vart oppgåva som redaktør overtatt av ein frivillig frå Osterfjorden.

ØKONOMI

Den verksemda soknerådet har ansvar for baserer seg på innsamla midlar, i hovudsak kyrkjeoffer. 20 av 70 offer går til kyrkjelydsarbeidet eller Knarvik kyrkje og 2 til Alversund kyrkjelydshus.

Det var 23 faste gjevarar pr. 31.12. Desse bidreg med kr 114.000 pr. år.

Rekneskapan for 2017 blir lagt fram på årsmøtet.

Kyrkja blir mykje bruka til konsertar, og det har vore omlag 35 konsertar gjennom året. Leige frå desse konsertane er eit viktig bidrag til nedbetaling av Kyrkjekjellaren. Inntektene til kyrkjekjellaren kjem elles frå utleige til familiehendingar, frå møte med organisasjonar og verksemder, samt gåver.

SLUTTORD

«Å byggje kyrkjelyd» er viktig for soknerådet. Det er viktig å skape gode møteplassar og gode gudstenestefellesskap, med rom for alle. Å byggje kyrkjelyd er m.a. å knytte til seg fleire som ynskjer å delta for å gjera ein innsats for kyrkjelyden. Det er eit ønskje at kyrkja vår står fram som open, inkluderande, vedkjennande og misjonerande. Måtte kyrkja vår, ved Guds hjelp, stå fram slik.

**ALVERSUND SOKNERÅD TAKKAR ALLE SOM PÅ ULIKE MÅTAR STØTTAR
OPP OM ARBEIDET I KYRKJELYDEN!
MÅ HERRENS VELSIGNING FØLGJE DYKK I TENESTA.**